



## Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Vår dato:  
07.09.2020

Vår ref:  
2020/12694

Dykkar dato:  
19.08.2020

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

### **Uttale - Alver - 60/28 - Langenes - gjenoppbygging av naust - dispensasjon**

Vi viser til brev frå kommunen datert 19.08.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av naust. Det har tidlegare stått eit naust her som vart totalskade i ein storm i 1994.

Det er naudsynt med dispensasjonar frå byggjegrense mot sjø jf. pbl. § 1-8 og LNF-føremålet kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for gjenoppbygging av naust. Naustet er også større enn det kommunedelplanen opnar for i naustområde.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og regulareringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Sjølv om det tidlegare har stått eit naust her, så er det lenge sidan, og dispensasjonen må vurderast utifrå dagens situasjon. Det er lagt ved teikning av omsøkt naust, som viser eit naust som er betydeleg større enn det kommunedelplanen opnar for i naustområde. Fylkesmannen er kritisk til nye naust av denne storleik. Vi kan ikkje sjå kvifor det er naudsynt med eit så stort naust. Eit stort naust er meir dominerande i landskapet og kan på sikt legge til rette for anna bruk, særleg i 2. etasje. Det er også uheldig og opne for større naust i LNF-formål enn ein tillét i naustområdet avsett i kommunedelplanen.

**Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon for oppføring av naust som ikkje er i samsvar med føresegne om utforming av naust i naustområde i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.**



Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN